

Rasmus Soltveit  
Nedre Soltveit 26  
5939 sletta

Dato: 29.11.2014.

Radøy kommune ved landbruksjef  
Toril Marie Mulen  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

Har mottatt brev frå Radøy kommune idag 28.11.2014.  
Hvilken aroganse du legg for dagen Toril Mulen. Du behandla meg som ein leiglending. Du gir meg frist på 3 veker til å svara på avslaget i delingsplanen. Det gjekk 3 månader frå du fekk brevet frå meg til eg høyrde eit einaste pip frå deg. For ein forakt for eigdomsretten du legg for dagen. Vil du tvinga meg til å selja heile garden? Vil du diktera meg kven eg skal selja den til? Naboane har allerede nytta seg av garden i 10 år heilt gratis. Skal det fortsetta slik for all framtid, at dei skal ta seg til rette på annen manns eigedom. vert eg tvinga til det, vil eg planta til alle beitene på garden med valeg norsk gran.  
Jonny sine mjølkekyr får beita det som er nedanfor delelinja. Men stykket er totalt ødelagt, nedtrakka av store mjølkekyr. Dessutan veks det ein skog av høymølla og sølvbonke over heile stykket. Han har ikkje brukt 1 dl sprøytmiddel dei åra han har hatt det. Dette stykket vart omdisponert til jultreproduksjon i 1993. Stykket vart delvis tilplanta med valeg norsk gran og edelgran. Den gangen var eg ikkje klar over at hjorten likte edelgran. Så all edelgran vart hjortemat. Eg fekk berre selja dei juletrea som var av valeg norsk gran. Eg forstod då at eg måtte gjerda det inn hvis eg skulle fortsettja med edelgran. Eg hadde

mykje å gjera, så det vart utsatt. Derfor byrja eg å bruka det til beite att.

Til våren vil eg setta opp eit nytt nett som er så høgt at jorten ikkje kan hoppa over. Så vil eg ta beitet tilbake til juletreproduksjon. Det som er fulldyrka kan eg fortsatt leiga vekk, eller eg kan selja foret som rundballar. Seinare kan eg ta resten i bruk dersom det vert aktuelt.

Jonny har fått kjøpa 144 da av garden som tillegsjord. Så får naboane på sørsida, Monika Soltveit Gabrielli og Jon Magne Gabrielli kjøpa 130 da som tillegsjord til si jord. Og sjølv set eg i gjenn med 50 da som eg kan bruka til juletre. Eg meiner at det er ein god ordning for denne garden. Eg vil be om at eg får eit svar innen 3 veker.

Legg ved vedlegg frå landbruksnemda frå 1993.

Med helsing  
Rasmus Soltveit

*Rasmus Soltveit*